

# Forskningsmelding for Høgskulen i Volda 2018

Lagt fram som sak for Forskningsutvalet 12. april 2019 og  
revidert melding lagt fram for Høgskulestyret 2. mai 2019.

Volda 24. april 2019

Henriette Hafsaas

# Innhald

Om meldinga: Føremål og kjelder .....	3
1. Hovudpunkt og tilrådingar i Forskningsmeldinga 2018.....	4
1.1. Hovudpunkt.....	4
1.2. Tilrådingar.....	5
2. Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for forsking og utvikling .....	7
2.1    Strategiplanen 2017-2020 .....	7
2.2    Forskningsutvalet og FoU-administrasjonen.....	7
2.3.    FoU-arbeidet på avdelingane .....	8
2.4    Eksterne forskingssamarbeid .....	9
2.5    Internasjonalisering av forskinga .....	9
2.6    Støtteordningar for FoU-arbeid.....	9
2.7    Publiseringsutvalet .....	11
2.8    Forskingsetikk.....	12
3. Doktorgradsutdanning .....	13
3.1    Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag .....	13
3.2    Gjennomstrøyming av stipendiatar.....	14
3.3    Forskarskular .....	14
3.4    Ressursar til stipendiatar.....	14
4. Publisering og formidling .....	15
4.1    Vitskapleg publisering ved Høgskulen i Volda.....	15
4.2    Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker.....	17
4.3    Internasjonal publisering.....	18
4.4    Publisering og kjønn .....	19
4.5    Formidling og interne publiseringspoeng .....	20
5. Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid .....	22
5.1    Noregs forskingsråd.....	22
5.2    EU-midlar.....	23
6. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn.....	24
6.1    Fagleg kompetanse.....	24
6.2    Kjønnsfordeling .....	26
6.3    Aldersfordeling .....	28
6.4    Mellombelse tilsette.....	28
6.5    Kompetanseoppryk 2016 og 2017.....	28
Vedlegg 1: Forskningsgrupper ved Høgskulen i Volda .....	30
Vedlegg 2: Forskningsutvalets samansetning i 2018.....	31

## Om meldinga: Føremål og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda (HVO) ønsker å få årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens forskingsverksemd. Forskingsmeldinga er eit verktøy for å synleggjere og konkretisere forventningane frå Kunnskapsdepartementet (KD) og dei strategiske måla til høgskulen, og å knyte desse saman med FoU-arbeidet til kvar enkelt fagtilsett. Den første forskingsmeldinga vart lagt fram i 2010, og denne meldinga er den åttande i rekka.<sup>1</sup>

Forskingsmeldinga følger malen til Kunnskapsdepartementets *Tilstandsrapport for høgare utdanning* og legg vekt på dei nasjonale måleparametrane.<sup>2</sup> Forskingsmeldinga for 2018 omfattar i utgangspunktet status pr. 31. desember 2018, men i somme høve er utviklinga i 2019 også omtala.

Meldinga er organisert i fem kapittel:

- Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for forsking og utvikling
- Doktorgradsutdanning
- Publisering og formidling
- Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid
- Fagtilsette: Kompetanse, kjønn og alder

Det er i hovudsak tre eksterne datakjelder som har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga:

- *Tilstandsrapporten for høgare utdanning* (2018) skildrar tilstanden i universitets- og høgskulesektoren og viser utviklinga over tid. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2018».
- Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) har tilgjengeleg statistikk omkring til dømes stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette. Når denne kjelda har vorte nytta er det markert med «DBH».<sup>3</sup> Ein bør vere merksam på at statistikk om tilsette er personalsituasjonen pr. 1. oktober det enkelte år.
- Forskinsinformasjonssystemet *Cristin* der vitskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrerte.<sup>4</sup> Ei potensiell feilkjelde hos Cristin er at systemet fungerer delvis etter prinsippet om sjølvrapportering. Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH og for utrekning av interne formidlingspoeng ved HVO.

Interne dokument som har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga er:

- Strategiplan for Høgskulen i Volda 2017-2020 (Vedtatt 26.01.2017 og revidert 08.03.2018).<sup>5</sup>
- Planar for 2019.<sup>6</sup>
- Årsrapport 2018-2019.<sup>7</sup>

HVO høyrer til gruppa av statlege høgskular. Etter fusjonane i UH-sektoren dei siste åra, er det berre fem statlege høgskolar igjen: Høgskolen i Innlandet, Høgskolen i Volda, Høgskolen i Østfold, Høgskolen på Vestlandet og Samisk høgskole. I dei fleste statistikkane i denne meldinga er den andre høgskolen i Møre og Romsdal, Høgskolen i Molde, tatt med i samanlikningane, sjølv om det er ein statleg vitskapleg høgskole.

<sup>1</sup> <https://www.hivolda.no/forsking/forskningsmelding>

<sup>2</sup> <https://www.regjeringen.no/tilstandsrap-for-hoyere-utdanning> Rapporten for 2019 er venta 8. mai 2019.

<sup>3</sup> <http://dbh.nsd.uib.no/>

<sup>4</sup> <https://app.cristin.no/>

<sup>5</sup> <https://www.hivolda.no/Strategiplan>

<sup>6</sup> <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/23102018>, sak 89/18.

<sup>7</sup> [https://issuu.com/hivolda/docs/hvo\\_arsrapport\\_2019\\_issuu](https://issuu.com/hivolda/docs/hvo_arsrapport_2019_issuu)

## **1. Hovudpunkt og tilrådingar i Forskingsmeldinga 2018**

Forskingsmeldinga for 2018 viser at Høgskulen i Volda har klare utfordringar med å heve seg på dei nasjonale måleparametrane som gjeld vitskapleg publisering, eksterne inntekter og fagleg kompetanse. Med strategiske grep og målretta arbeid er det mogleg å snu denne utviklinga i åra framover.

### **1.1. Hovudpunkt**

- Publiseringspoeng pr. faglege årsverk er den nasjonale måleparameteren for både volum og kvalitet på vitskapleg publisering (TR 2018: 47). I 2018 ser det ut til at kvaliteten på dei vitskaplege publikasjonane ved HVO har auka ettersom det er fleire publikasjonar på nivå 2 og i tidsskrift og monografiar. Likevel kjem HVO dårlegast ut blant dei statlege høgskulane når det gjeld publiseringspoeng pr. faglege årsverk. I 2018 hadde HVO dessutan ein nedgang i det totale talet på publiseringspoeng til tross for at det var 20 fleire faglege tilsette enn året før. HVO er sårbar for svingingar i denne parameteren sidan den samla vitskaplege publiseringa er så liten. Dersom HVO skal kunne hevde seg på vitskapleg publisering, må vi rekruttere faglege tilsette med forskingserfaring, og vi må stille strengare krav til levering av forskingsresultat når det gjeld tildeling av FoU-tid og FoU-midlar.

For å auke den vitskaplege publiseringa vart det sett i gang fleire tiltak i 2018. Det har vore halde to skriveverkstadar med fem seminar kvar for å gi ei innføring i korleis ein skriv ein vitskapleg artikkel. Til saman 14 fagtilsette tok del i desse verkstadane. Vidare er det gjort vedtak om å overføre 2,3 millionar kroner frå potten som har gått til premiering av interne FoU-poeng til tiltak som kan auke den vitskaplege publiseringa: midlar til forskingsgrupper og fleire FoU-stipend.

- Det var ein liten auke i dei interne formidlingspoenga i 2018.
- Bidragsinntekter frå Noregs forskingsråd (NFR) pr. fagleg årsverk er saman med andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) indikatorar både på samspelet utdanningsinstitusjonane har med verda omkring og på forskingskvaliteten ved institusjonane. Tilsette ved Høgskulen i Volda har gjennom fleire år sendt få søknader om eksterne forskingsmidlar, og HVO har fått få gjennomslag på søknadene som har vore sende. Dette har mellom anna vorte kommentert i etatstyringsmøta dei seinare åra. Våren 2019 har HVO sendt sin første søknad til Horisont 2020, og det vart sendt fem søknader til NFR med HVO-tilsette som prosjektleiarar. I tillegg har det vore sendt ein stor søknad til Utdanningsdirektoratet om fagfornyinga i skulen. Søkjane har i større grad enn tidlegare fått administrativ støtte i søknadsarbeidet, og vi håper at det vil gi betre evalueringar og større gjennomslag på søknadene i 2019.
- Ved Høgskulen i Volda var 52 prosent av dei faglege tilsette førstekompetente i 2018. Det er ein liten nedgang frå 2017, og HVO har no den lågaste prosentdelen førstekompetente blant dei statlege høgskulane med unntak av Samisk høgskole. I 2018 hadde 14 prosent av dei fagleg tilsette ved HVO toppkompetanse i form av professor- eller dosentstillingar. Nærare 70 prosent av dei tilsette med toppkompetanse ved HVO er i aldersgruppa 60 år og eldre.
- Prosentdelen kvinner i toppstillingane professor og dosent er éin av dei nasjonale måleparametrane. Ved HVO utgjorde kvinner 22 prosent av dei tilsette i faglege toppstillingar i 2018. Dette er ein nedgang frå føregåande år, men kvinnedelen er forventa å auke igjen neste år. Heile sektoren er langt unna likestilling på dette området, og vi held fram med å ta omsyn til skeivskapar ved tildeling av FoU-midlar. Det er lovande for bygginga av toppkompetanse blant dei kvinnelege fagtilsette at dei sto for nesten 50 prosent av publiseringspoenga ved HVO i 2018. Over

70 prosent av stipendiatane ved HVO er dessutan kvinner, og dette vil sikre at rekrutteringa av kvinner i første- og toppstillingar held fram.

- Delen doktorgradskandidatar som disputerer innan seks år etter at dei starta på doktorgradsløpet er også ein nasjonal måleparameter. Det vart gjennomført fem doktorgradsdisputasar av stipendiatar eller tidlegare stipendiatar ved Høgskulen i Volda i 2018. Tre av dei var ferdige før det var gått 6 år etter oppstart, medan to av dei brukte lengre tid på doktorgradsløpet. Det er viktig at høgskulen held fokus på framdrifta til stipendiatane.

## 1.2. Tiltrådingar

Høgskulestyret, Forskningsutvalet, Forskningsadministrasjonen og avdelingane må ha fokus på å nå måla som er sett i *Strategiplanen for Høgskulen i Volda 2017-2020, Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet og Planar for 2019*.

Det er særleg viktig at høgskulen når målsettinga om å auke talet på publiseringspoeng til minst 0,5 poeng pr. fagleg tilsett i 2019 (Årsrapporten 2018-2019: 28). Vitskapleg publisering er fundamentalt for å etablere og oppretthalde fagmiljø med forskingskompetanse som gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Vitskapleg publisering er også viktig for at dei fagtilsette skal få både kompetanseopprykking og gjennomslag på søknader om eksterne forskingsmidlar, og dette er igjen med på å styrke forskinga ved fagmiljøa. Forskningsutvalet bør sjå på tiltak som kan vere med på å auke talet på publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap ved HVO.

Målet om å organisere meir av forskinga innanfor forskningsgrupper er eit tiltak som har som intensjon å støtte arbeidet med både vitskaplege publikasjonar og søknader om eksterne forskingsmidlar (sjå Vedlegg 1 for oversikt over forskningsgrupper). I 2019 har forskningsgruppene for første gong fått midlar til fagleg aktivitet gjennom støtte til forskingsgrupper,<sup>8</sup> og avdelingane er oppfordra til å gi til forskingsgruppeleiing på arbeidsplanane. Vonleg kan høgskulen hauste frå denne investeringa i forskingsgruppene i løpet av dei komande åra.

FoU-ressursane må brukast strategisk. FoU-tida til den enkelte fagtilsette må nyttast målretta til forsking og fagleg utvikling for å oppnå kompetanseheving. Sidan det er viktig for HVO å auke den vitskaplege publiseringa, må vi i større grad verne om forskingstida til dei tilsette. Dersom tilsette vert pålagde eller seier seg villige til å gjøre tidkrevjande ekstraoppgåver for HVO, bør det settast av tid til dette. Utføringa av ekstraoppgåver må ikkje automatisk gå på bekostning av FoU-tida. Det bør utarbeidast retningslinjer for timerekneskap ved HVO. Viktige tiltak for å auke både talet på publikasjonar og tilsette med første- og toppkompetanse er FoU-stipend og professor-/dosentstipend. Det er viktig å ha eit kjønnsperspektiv ved tildeling av desse midlane slik at høgskulen kan auke talet på kvinner i faglege toppstillingar. Såkornmidlane må nyttast slik at høgskulen sender fleire og betre søknader om eksterne forskingsmidlar.

Høgskulen må halde fram satsinga på kompetansebygging i form av doktorgradsutdanning. Stipendiatane har gode arbeidsvilkår i form av driftsmidlar, kontorplass og andre støtteordningar, og det vert organisert ulike forum som er viktige faglege møteplassar. Forholda ligg dermed til rette for god progresjon i arbeidet med doktorgraden, og stipendiatanes fullføring av doktorgraden må vere eit vedvarande fokus for høgskulen.

---

<sup>8</sup> <https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/stotte-til-forskingsgrupper>

Det er viktig å rekruttere fagtilsette med tilstrekkeleg forskingskompetanse, og høgskulestyret har vedteke at forskingskompetanse skal vektleggast meir ved tilsettingar (Planar 2019). Det er eit mål om at 55 prosent av dei faglege tilsette skal ha førstekompetanse i 2019, og delen kvinner med toppkompetanse skal aukast til 26 prosent (Årsrapporten 2018-2019: 32). Høgskulen bør i større utstrekning rekruttere førstekompetente i faste stillingar. Det må leggast tilrette for nytilsette slik at dei kjem i gong med FoU-arbeid.

## **2. Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for forsking og utvikling**

Forskins- og utviklingsarbeidet ved Høgskulen i Volda (HVO) vert utført av den enkelte fagtilsette, i forskings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelingane og fellesnivået.

### **2.1 Strategiplanen 2017-2020**

HVO har som mål å drive forsking og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Den gjeldande strategiplanen inkluderer målsettingar og handlingsplanar for FoU.

Dei prioriterte satsingsområda for forsking og utvikling (FoU) ved høgskulen er tre strategisk viktige felt: Dei nye grunnskulelærarutdanningane (GLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og PhD-utdanninga i helse- og sosialfag. I tillegg har utviklingsavtalen med KD fått inn eit punkt om ferdigheiter for framtida («Future skills»).

Ifølgje Strategiplanens mål for FoU og menneskelege ressursar skal HVO:

- stimulere til nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.
- gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å involvere dei i aktuelle prosjekt.
- auke bidrags- og oppdragsinntektene.
- auke talet søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder.
- auke tal publiseringspoeng med 15 prosent.
- ha minst to forskingsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen.
- arbeide for at 60 prosent av fagstabben har førstekompetanse.
- doble talet kvinner i faglege toppstillingar.

I handlingsplanane har HVO som målsetting å:

- organisere meir av forskinga i forskingsgrupper.
- etablere ei forskingsgruppe saman med andre institusjonar innanfor nynorskfeltet.
- greie ut om vi skal opprette eiga oppdragseining for FoU-prosjekt.
- auke forskingsinnsatsen gjennom meir målretta prioritering av FoU-ressursane.
- legge vekt på å formidle forsking i relevante vitskaplege tidsskrift.
- legge til rette for at det vert skrive søknader om eksterne midlar frå regionale, nasjonale og europeiske finansieringskjelder.
- auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.
- auke søknads- og prosjektleiingskompetansen.

Vi jobbar framleis med å nå måla som er sett for 2020, men fleire av punkta i handlingsplanane er gjennomførte. Mellom anna har forskinga i større grad vorte organisert i forskingsgrupper (sjå Vedlegg 1), og dei får midlar til fagleg aktivitet. Det er oppretta ei forskingsgruppe for nynorsk skriftkultur i samabeid med Universitetet i Bergen. Forskingssjef med mobilisering av søknader om eksterne forskingsmidlar har vorte tilsett, og forskingsutvalet arbeider med å gjere prioriteringane av FoU-ressursane meir målretta for å auke forskingsinnsatsen.

### **2.2 Forskinsutvalet og FoU-administrasjonen**

Forskinsutvalet er høgskulens sentrale organ i forskingsspørsmål med mandat frå styret (Sak 4/2013) til å:

- Gi råd om tiltak og strategiar som kan heve kvaliteten på HVO sitt FoU-arbeid.
- Inspirere til FoU-aktivitet av høg kvalitet, nasjonal og internasjonal publisering, og utstrekta formidlingsverksemnd.
- Gi råd om gode rammevilkår for FoU.
- Lage utkast til og følgje opp strategiplan for FoU-arbeidet.
- Lage årleg forskingsmelding som skal handsamast i styret.
- Stimulere til studentaktiv FoU-verksemd.
- Gje råd om stipendiatsatsing.
- Kvalitetssikre og prioritere søknader om eksterne midlar.
- Gi innstilling til styret om forskingsprisen.
- Tildele FoU-stipend.
- Tildele midlar til interne forskingsprogram.
- Godkjenne tildeling av interne FoU-poeng, og vurdere prinsippa for slik fordeling.

Sidan 2013 har det vore endringar i korleis Forskingsutvalet arbeider, og mandatet for Forskingsutvalet vart revidert på møte 7/18 og 1/19. Forslag til nytt mandat skal opp i Høgskulestyrets møte 2. mai 2019.

I 2018 vart det halde sju møte i Forskingsutvalet, og 43 vedtakssaker vart handsama. Rektor Johann Roppen leia Forskingsutvalet, og FoU-rådgivar Geir Tangen var sekretær for det første møtet medan Henriette Hafsaas var sekretær for dei øvrige møta – først som fungerande forskingssjef og deretter som forskingssjef. Avdelingane var representerte med dekan og ein fagleg representant, studentane hadde to representantar, og stipendiatane hadde éin representant. Forskingsutvalet består av dei nemnde tolv faste medlemmane inkludert rektor. I tillegg er forskingssjef sekretær for møta, og tre observatørar møter fast: Høgskuledirektør, biblioteksjef og FoU-rådgivar (sjå Vedlegg 2 for Forskingsutvalets samansetning i 2018).

I 2018 besto FoU-administrasjonen først av FoU-rådgivar Geir Tangen (100 prosent), og frå februar fungerte bibliotekleiar Henriette Hafsaas som forskingssjef (50 prosent). Frå august utgjorde FoU-administrasjonen to årsverk då Henriette Hafsaas tiltrådde som forskingssjef i 100% og Geir Tangen heldt fram som FoU-rådgivar i 100%.

### **2.3. FoU-arbeidet på avdelingane**

Det meste av FoU-arbeidet foregår på avdelingane i FoU-tida til dei vitskapleg tilsette. Dekanen på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar enkelt tilsett får definert tid til både undervisning og FoU. Fordelinga av arbeidsoppgåvene skal ta omsyn til kompetanse, interesser og aktuelle behov i avdelingane.

Ramma for fordelinga av FoU-tida er styrevedtak 34/2015, der dei ulike kategoriane av fagtilsette får tildelt ulik tid til FoU etter kompetanse ifølgje retningsgivande satsar (Tabell 1). Dette er eit viktig verktøy, ettersom tildelinga av FoU-tid føreset dokumenterte resultat gjennom dei tre siste åra. Eit anna punkt i vedtaket er at alle fagmiljø bør ha avtale om at ein av dei tilsette med toppkompetanse skal bruke inntil 15 prosent av undervisningsressursen til forskingsleiing og rettleiing av kollegaene. Vedtaket omfattar ikkje tilfelle der tilsette vert pålagde eller seier seg villige til å gjere tidkrevjande ekstraoppgåver for HVO, men det bør setjast av tid til dette på arbeidsplanen.

**Tabell 1: Retninggivande satsar i % for inndeling av arbeidstida i undervisning, FoU-tid og administrasjon. Styrevedtak 34/2015.**

Stilling	Undervisning	FoU	Administrasjon	I alt
Professor/Dosent	50	45	5	100
Førsteamanensis/førstelektor	55	40	5	100
Høgskulelektor	65	30	5	100

## 2.4 Eksterne forskingssamarbeid

Høgskulen i Volda har ei rekke regionale og nasjonale samarbeidspartnalar på institusjonsnivå og i konkrete forskingsprosjekt. Den fagleg samarbeidsavtalen med Universitetet i Bergen har som mål å styrke begge institusjonane på område som er strategisk viktige.

Høgskulen i Volda eig Møreforsking AS i lag med Høgskolen i Molde og NTNU Ålesund. Møreforsking Volda AS vart skipa hausten 2015, men vart lagt ned hausten 2017 på grunn av lite aktivitet.

Forskningsmiljøa i Møre og Romsdal samarbeider også gjennom Forskningsforum Møre, som vert koordinert av Forskningsrådets regionale representant.

På tvers av fylkesgrensene deltek Høgskulen i Volda i forskingssamarbeidet UH-Nett Vest som i tillegg til Volda inkluderer Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder. I tillegg vart NLA Høgskolen og VID vitenskaplig høgskole assosierte medlemmar i 2018. Volda deltek aktivt i forskningsgruppene innanfor UH-Nett Vest, og tilsette frå Volda leiar to av prosjekta som fekk forskningsmidlar frå UH-Nett Vest i 2018 og fleire andre er med på slike tverrinstitusjonelle prosjekt.

## 2.5 Internasjonalisering av forskinga

Den internasjonale forskingsverksemda ved HVO tar utgangspunkt i dei enkelte forskarane og deira nettverk. Nokre få forskarar er med i internasjonale forskingsprosjekt eller tilknytt internasjonale nettverksbyggande tiltak, mellom andre EUs COST Action. Tilsette ved HVO publiserer stadig oftare på engelsk for å nå ut til internasjonale fagellar (sjå Kapittel 4.3 nedanfor). KD ønsker særleg auke i internasjonale forskingsprosjekt, som EU-midlar, og i internasjonal sampublisering, som gir større utteljing ved tildeling av publiseringspoeng. Dei fagtilsette ved HVO har ikkje lukkast i særleg grad når det gjeld internasjonal sampublisering.

I løpet av året er det mange tilsette som deltek med presentasjonar på internasjonale konferansar. Fleire forskarar reiser dessutan til utlandet for studieopphold og forskingsutveksling som del av utanlandsopphold i PhD-løpet, i regi av Erasmus+-programmet eller med anna støtte. Dette er viktige tiltak for å etablere kontakt med fagellar i andre land, og dette bør på sikt gi fleire internasjonale sampubliseringar, fleire artiklar på engelsk og fleire søknader om EU-midlar.

## 2.6 Støtteordningar for FoU-arbeid

Det finst ei rekke felles støtteordningar for FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda. Målsettingane med desse er kompetanseheving, vitskaplege publikasjonar og søknader om eksterne forskningsmidlar.

### 2.6.1 FoU-stipend («vikarstipend»)

Føremålet med FoU-stipenda er å gje fagleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Kvart år har det vorte delt ut ti FoU-stipend etter ein prosess der alle fast tilsette vert inviterte til å kome med søknader. Det er Forskningsutvalet som deler ut FoU-stipenda. I budsjettet for

2018 vart talet på FoU-stipend redusert. Det kom inn 19 søknader til sju FoU-stipend. Behovet for kompetansebygging og det høge talet på gode søknader i 2018 viser at det likevel er behov for ti stipend i året.

I HVOs strategiplan er rekruttering av fleire kvinner til toppstillingar ei viktig målsetting, og kvinner som er nær toppkompetanse vert prioriterte ved tildeling av FoU-stipend. I 2018 fekk kvinner tildelt tre av sju FoU-stipend.

Ordninga med FoU-stipend er i tillegg eit viktig element i den eigenfinansierte 5-årige doktorgradsutdanninga der fast tilsette som går inn i ordninga får to FoU-stipend i løpet av PhD-studiet. FoU-stipend vert også nyttå etter same mønster i ordninga med professorstipend.

### **2.6.2 Professor-/dosentstipend**

Sidan 2014 har HVO med ujamne mellomrom tildelt professor-/dosentstipend som eit tiltak for å auke talet på toppkompetente.<sup>9</sup> Stipenda følgjer i stor grad vilkåra for doktorgradsstipend. Det vil seie 50 prosent arbeidstid til å forske og to FoU-stipend i løpet av perioden. I dei to første tildelingane, vart stipenda gitt for fem år, medan stipenda sidan 2017 har vore gitt for tre år. Dei som går inn i stipenda får også driftsmidlar på lik linje som doktorgradsstipendiatane og kan også søkje om utanlandsstipend på lik linje med doktorgradsstipendiatane. Ordninga er relativt kostbar for HVO ettersom kvart professor-/dosentstipend har ein kostnad på kr. 550 000 (FoU-stipend og driftsmidlar). I tillegg kjem ekstra FoU-tid i fire semester og eventuelle utanlandsstipend. Rektor peiker ut ein kommisjon som vurderer dei innkomne søkerane og som gir tilråding til Forskningsutvalet om kven som bør få tilbod om stipend. Professor-/dosentstipenda vert tildelte under føresetnad av at mottakarane dokumenterer tilfredsstillande framdrift gjennom årlege rapportar til Forskningsutvalet. Sidan 2014 har to av ti stipendmottakarar oppnådd professorkompetanse (Tabell 2).

**Tabell 2: Tildelte professor-/dosentstipend og oppnådd professorkompetanse.**

Tilsett	Avdeling	Startdato	Sluttdato	Professorkompetanse
Homlong, Nathalie	ASH	H2014	V2019	2015
Sæther, Knut Willy	AHL	H2014	V2019	2017
Torrissen, Wenche	AKF	H2014	V2019	
Hovlid, Ellen Lexerød	AMF	V2015	H2019	
Erdal, Ivar John	AMF	V2015	H2019	
Fooladi, Erik	AHL	V2017	H2019	
Fondevik, Birgitte	AHL	V2017	H2019	
Lillebø, Jonas Gamborg	AHL	V2019	H2021	
Løvoll, Helga Synnevåg	AKF	V2019	H2021	
Rogne, Wenche Mork	AHL	V2019	H2021	

Fem av stipendmottakarane avsluttar stipendperioden i løpet av 2019, og dei fleste av desse vil då sende søknad om opprykk. Ordninga med professor-/dosentstipend bør evaluerast i etterkant av dette for å sjå på kriteria for å få stipend, søknadsprosessen, og korleis støtta er utforma. HVO vil ha stort behov for å bygge toppkompetanse i dei kommande åra også, og då er det viktig at tiltaket verkar etter intensjonen.

### **2.6.3 Såkornmidlar**

Såkornmidlar «skal bidra til auka forskningsaktivitet ved HVO ved å stimulere og hjelpe til å sette i gang forskings- og utviklingsprosjekt». Vidare heiter det at «Søknader om støtte til å drive fram og utvikle

<sup>9</sup> Sjå meir info her: <https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

*søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale (EU) forskingsfond og andre finansieringskjelder vil bli prioritert.». Føremålet med ordninga er å nå strategiplanens mål om at HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene og talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. I 2018 vart det lyst ut kr. 900 000 i såkornmidlar. Til saman 10 prosjekt fekk innvilga heile eller delar av summen dei sökte om (sjå Tabell 3).*

**Tabell 3: Prosjekt som fekk tildeling av Såkornmidlar i 2018.**

Nr.	Prosjektleiar	Avd.	Prosjekt	Tildeling
1	Stine Ekornes	AHL	Styrke samarbeidet i Midtnorsk forskarforum for spesialpedagogikk	40 000
2	Kristian Fuglseth	AMF	Frikjøp for utvikling av NFR-søknad	80 000
3	Bente Vatne	AHL	Forskinsseminar - utvikling av nordisk forskingssamarbeid	24 500
4	Siv Gamlem	AHL	Teaching through interaction - workshop, certification and symposium	99 500
5	Helga Synnevåg Løvoll	AFK	Future skills	250 000
6	Harald Endre Tafjord	ASH	Forskarnettverk i eldre historie	42 000
7	Roar Stokken	ASH	Forsking på Barneblikksatsinga	96 000
8	Paul Bjerke	AMF	Media, profesjonar, tillit og velferd	90 000
9	Rolf Werenskjold	AMF	East European Cultures of Dissent: Deltaking i Cost action-arrangement.	80 000
10	Stig Helset	AHL	Publisering av vitskapleg skriftserie om SKRIFTKULTUR	50 000
<b>Totalt</b>				<b>852 000</b>

#### **2.6.4 Små driftsmidlar**

I åra 2006-2010 fanst det ei nasjonal ordning for finansiering av ulike mindre driftskostnader ved FoU-verksemda til fagleg tilsette. Frå 2011 vart ordninga lagt inn i rammeløyvinga til institusjonane. Høgskulen i Volda har valt å vidareføre ordninga etter mønster frå tidlegare. Små driftsmidlar vert tildelt av Forskningsutvalet. I 2018 vart det sett av kr. 300 000 til Små driftsmidlar, og dei vart tildelt løpende gjennom året. Midlane vert hovudsakeleg løvvde til deltaking på konferansar, og tiltaka vart sjeldan heilfinansiert gjennom små driftsmidlar. Høgskulestyret vedtok i 2018 ein ny budsjettmodell der små driftsmidlar vert overført til avdelingane som også får ansvaret for tildeling.

#### **2.7 Publiseringsutvalet**

Publiseringsutvalet vart oppretta i 2013 og har ansvaret for rådgiving og utvikling når det gjeld publisering, fri tilgang (Open Access), rapportering av vitskaplege publikasjonar og tildeling av interne FoU-poeng. Publiseringsutvalet er også redaksjon for skriftseriane og kan tildele trykkjestøtte. Rektor er leiar for publiseringsutvalet, og FoU-rådgivar Geir Tangen er sakshandsamar. I 2018 vart det halde tre møte i Publiseringsutvalet og fem saker vart handsama.

Høgskulen i Volda gir ut to skriftseriar, *Rapport* og *Notat*, med ulike tersklar for kvalitetssikring og godkjenning. I 2018 vart det publisert sju rapportar og to notat. Alt som vert publisert i skriftseriane vert gjort tilgjengeleg på høgskulens nettsider gjennom det opne institusjonsarkivet Bravo.

Trykkjestøtte vert gitt som eit tilskot for å sikre publisering i eksterne publiseringaskanalar, først og fremst på forlag. Vitskaplege monografiar vert prioriterte, men også andre typar utgivingar kan få stønad. Støttebeløpet vil variere med trykkjekostnader og budsjettsituasjon. Tildelingar av trykkjestøtte er publisert på nettsidene til Publiseringsutvalet. Tildelt trykkjestøtte i 2018 var i alt kr. 80 000 for til saman fire publikasjonar.

Høgskulen sette i budsjettet for 2014 av kr. 100 000 i eit publiseringsfond for tidsskriftartiklar med open tilgang (Open Access). Dette var ei prøveordning i 2014 og 2015, og ordninga vart vidareført frå og med 2016. I 2018 har publiseringfondet tildelt kr. 30 715 i støtte til tre publikasjonar. Halvparten av beløpet som vert brukt kvart år vert refundert frå NFR.

## 2.8 Forskingsetikk

Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda har vedtatt forskingsetiske retningslinjer.<sup>10</sup> Det vart oppretta eit felles «Redelighetsutvalg» saman med Høgskolen i Molde og Møreforskning i 2018.<sup>11</sup>

### 2.8.1 Personvernombodet for forsking

Norsk senter for forskingsdata (NSD) har vore personvernombod for forsking ved Høgskulen i Volda. I prosjekt der det vert samla inn personopplysningar skal det sendast melding til NSD. I 2018 trødde ny Personvernforordning (General Data Protection Regulation [GDPR]) i kraft. I samband med dette har HVO utnemnt Cecilie Røeggen til personvernombod. Ved handsaming av personopplysningar har forskrarar og studentar ved HVO framleis plikt til å registrere og dokumentere handsaminga av personopplysningane og melde dette til NSD.

I Tabell 4 nedanfor går det fram kor mange prosjekt ved HVO som har vorte meldt til NSD gjennom dei ti siste åra. AHL etterfulgt av ASH har flest melde prosjekt.

Tabell 4: Prosjekt frå HVO innmeldt til Personvernombodet for forsking (NSD), 2008-2018, fordelt på avdelingar (NSD).

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
AHL	15	12	13	17	21	21	16	18	17	37	33	220
AKF	1	2	4	2	16	8	5	7	5	9	2	61
AMF	3	2	0	0	0	0	2	0	1	1	4	13
ASH	11	3	10	13	9	16	19	17	16	11	17	142
Andre	0	0	0	0	2	2	0	2	2	1	0	9
<b>Sum</b>	<b>30</b>	<b>19</b>	<b>27</b>	<b>32</b>	<b>48</b>	<b>47</b>	<b>42</b>	<b>44</b>	<b>41</b>	<b>59</b>	<b>56</b>	<b>445</b>
Studentprosjekt	17	11	20	27	43	42	32	35	27	39	43	336
Forskarprosjekt	13	8	7	5	5	5	10	9	13	20	13	108

Om prosjektansvarleg ikkje sender inn sluttrapport for eit prosjekt, så vil NSD ta kontakt med prosjektleiar for å ordne opp i saka. Om dette ikkje fører fram vil HVO få melding om at NSD har påvist eit avvik, og då må HVO ta saka vidare. Forskningsutvalet har vedtatt at i slike saker er dekan på avdelinga ansvarleg, og dekan kan i særlege tilfelle ta over ansvaret for eit prosjekt.

HVO betalar eit grunnbeløp og i tillegg ei avgift på kr. 2 300 pr. melde prosjekt. I 2018 var dei samla utgiftene til NSD kr. 184 000. Forskningsutvalet har vedtatt at avgifta skal ligge på fellesnivået, men det

<sup>10</sup> Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsetikk-og-personvern/forskingsetiske-retningslinjer-hvo>

<sup>11</sup> Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/etikk-og-personvern/redelighetsutval>

bør drøftast igjen om kostnadene bør overførast til avdelingane – særleg som følgje av ny Personvernforordning og auke i talet på masterstudentar med innføringa av 5-årig lærarutdanning.

### 3. Doktorgradsutdanning

Stipendiatsillingar er den viktigaste av dei sentrale FoU-ressursane ved Høgskulen i Volda. I 2018 vart det utført 24,5 årsverk av stipendiatare ved HVO. Talet på stipendiatar i arbeid er høgare enn talet på heimlar på grunn av at fleire stipendiatar er inne i fireårige ordningar som inkluderer pliktarbeid. HVO har også løyingar til stipendiatsillingar gjennom eksternt finansierte prosjekt, og denne delen burde auke for å sikre rekruttering og kompetansebygging.

På høgskulens nettsider er det oversyn over alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I skrivande stund er det 43 namn på lista.<sup>12</sup> Lista omfattar både stipendiatar som er mellombels tilsette ved høgskulen, stipendiatar som er ferdige med stipendiaterperioden og ikkje har levert avhandlinga enno og tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt innanfor den femårige ordninga eller som del av stillinga.

I 2018 fullførte fem tilsette eller tidlegare tilsette ved HVO doktorgradsutdanninga (Tabell 5). Det er ei utfording å få doktorgradskandidatane til å gjennomføre på normert tid, og gjennomstrøyming i doktorgradsutdanninga er ein nasjonal styringsparameter (sjå Kapittel 3.2 nedanfor).

Tabell 5: Tabell over fullførte doktorgradar ved HVO i perioden 2013-2018.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Doktorgradsdisputasar av HVO-tilsette	7	6	5	5	2	5

I 2018 vart det utlyst inntil 7 stipendiatsillingar av dei 8 stillingane som skulle lysast ut ifølgje planen i Forskingutvalets sak 9/17. Det har vore gjort fire tilsettingar som vist i Tabell 4, og det er venta at det også vert ei tilsetting i stillinga som framleis er under handsaming. Det har dermed vore tilsett færre stipendiatar enn høgskulen har midlar til. Årsaka er hovudsakeleg at det er utfordrande å få tilstrekkeleg med kvalifiserte søkerar, samt at det ikkje har vore utlyst ei stipendiatsilling i andre fag.

Tabell 6: Utlyste stipendiatsillingar i 2018 og tilsettingar som følge av utlysingane.

Fagområde	Utlyst	Søkjarar	Tilsett
Profesjonsutøving: vilkår og utvikling – st. nr. 36/2018	3	12	2
Lærarutdanninga – st. nr. 43/2018	2	7	1
Kulturmøte – st. nr. 45/2018	1	13	1
Avdeling for kulturfag – st. nr. 63/2018	1	8	Under handsaming
Andre fag – ikkje utlyst	0	-	
Sum	7	40	4
<b>Eksternt finansiert</b>			
NRF-prosjektet DigiHand – st. nr. 19/2018	1	2	1

#### 3.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Høgskulen i Volda har saman med Høgskolen i Molde eit akkreditert doktorgradsprogram i helse- og sosialfag: *Profesjonsutøving – vilkår og utvikling*. Doktorgradsprogrammet vart godkjent i 2014, og utdanninga starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2018 hadde Høgskulen i Volda elleve stipendiatar på programmet, og i tillegg var det éin ekstern stipendiat. Ingen av dei har fullført enno,

<sup>12</sup> Sjå <https://www.hivolda.no/phd/doktorgrad-volda/doktorgradsprosjekt-ved-hvo>

og dei første disputasane kan ventast i 2020. I tillegg er det fleire stipendiatar som orienterer sine prosjekt inn mot doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag.

For stipendiatane på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag er det oppretta ei felles gruppe, Metodeforum, som skal ha både faglege og sosiale aktivitetar. Metodeforum vart leia av førsteamanuensis Kjartan Leer-Salvesen i 2018.

### **3.2 Gjennomstrøyming av stipendiatar**

Det er eit nasjonalt mål å få fleire stipendiatar raskare gjennom doktorgradsutdanninga. Utdanninga er normert til tre år og har ofte eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Den delen av eit gitt årskull som har disputert innan seks år etter oppstartsåret på doktorgradsprogram er ein nasjonal styringsparameter. Denne parameteren tar dermed eit visst omsyn til lengre opphold i utdanninga som følge av permisjonar (TR 2018: 44). Den eine stipendiaten som starta på doktorgradsutdanninga ved HVO i 2012 i den interne 5-årige ordninga hadde ikkje disputert ved utgangen av 2018.

Ved HVO får så godt som alle stipendiatane forlenga stipendiatperiodane sine – hovudsakeleg på grunn av sjukdom og/eller omsorgspermisjon. Det er difor svært få stipendiatar som fullfører sine prosjekt på tidspunktet som vert avtala ved prosjektstart.

Eit verkemiddel for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden er *Avhandlingsforum* der stipendiatar og andre som arbeider med PhD-prosjekt legg fram prosjektskisser, utkast til kapittel og artiklar. Avhandlingsforum vart leia av professor Jan Inge Sørbo i 2018.

### **3.3 Forskarskuluar**

For å støtte dei som tek PhD-utdanning, er Høgskulen i Volda medlem av regionale og nasjonale forskarskuluar på fagområde som er relevante for våre stipendiatar og fagfolk.<sup>13</sup>

I dag er HVO med i desse forskarskulane:

- NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning)
- WNGER II (Western Norway Graduate School of Education II)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies
- RVS (Religion Values Society)
- Den nasjonale forskerskulen i historie

Felles for desse forskarskulane er at HVO forpliktar seg som institusjon til å delta gjennom å betale for medlemsskap. Deltakinga i forskarskulane frå HVOs stipendiatar varierer.

### **3.4 Ressursar til stipendiatar**

Alle stipendiatar får kr. 150 000 i driftsmidlar i løpet av stipendperioden. I tillegg kan dei søke FoU-administrasjonen eller Forskningsutvalet om støtte til utanlandsopphald, språkvask og internasjonale konferansar. Stipendiatane har samlokaliserte kontorplassar på Lettbygget.

---

<sup>13</sup> Sjå <https://www.hivolda.no/phd/forskarskuluar-og-forskarkurs>

## 4. Publisering og formidling

Forsking er ei av hovudoppgåvene til Høgskulen i Volda. Vitskapleg publisering er viktig fordi forskinga ikkje er avslutta før den nye kunnskapen har vorte formidla til fagfellar i skriftleg form. Ny kunnskap vert danna ved bruk av vitskaplege metodar og kritisk tenkning, og vitskaplege publikasjonar kjenneteiknast av problemløysing, objektivitet, argumentasjon og dokumentasjon. Vitskapleg publisering er svært viktig for HVO, for slik kan vi bygge fagmiljø med solid forskingskompetanse, som igjen vil sikre at vi får akkreditert fagporteføljen av NOKUT. Etter at forskingsresultata har vorte formidla til fagfellar, kan det høve å formidle forskinga til ålmenta gjennom populærvitenskaplege publikasjonar og/eller i media. Formidling er også viktig som ein del av samfunnsoppdraget til høgskulen – mellom anna i form av deltaking i samfunnsdebatten gjennom kronikkar og medieinnslag, og formidling av forsking til ålmenta og profesjonane som vi utdannar til.

### 4.1 Vitskapleg publisering ved Høgskulen i Volda

Vitskaplege publiseringspoeng er eit viktig måltal for volumet og kvaliteten på forskingsaktiviteten ved HVO. Dei vitskaplege publiseringspoenga er også ein nasjonal styringsparameter og dannar grunnlaget for ein resultatbasert omfordeling innanfor UH-sektoren. I 2018 fekk HVO ei utteljing på 2,38 millionar kroner basert på publiseringspoenga i 2016.

I 2018 leverte Høgskulen i Volda därlegast av dei statlege høgskulane og universiteta når det gjeld vitskaplege publiseringspoeng pr. tilsett i undervisings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF). Tabell 7 viser publiseringspoenga pr. UFF-årsverk for nokre av institusjonane som det er naturleg for HVO å samanlikne seg med. I snitt vart det produsert 0,42 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO i 2018 medan talet var 0,51 i 2017. Nedgangen skyldast både at det vart produsert færre poeng totalt, frå 108,8 i 2017 til 97,2 i 2018, og at HVO hadde ein auke i UFF-årsverk frå 211 i 2017 til 231 i 2018. Til saman utgjorde dette ein nedgang på 10,6% i talet på publiseringspoeng frå 2017 til 2018. Ved HVO er det fleire UFF-tilsette som utmerker seg med mange publiseringspoeng pr. år, og i 2018 sto éin UFF-tilsett for meir enn 10 prosent av publiseringspoenga. Samstundes har HVO mange som ikkje publiserer vitskapleg. I løpet av dei fire siste åra har ca. 40 prosent av UFF-årsverka ikkje publisert vitskapleg i det heile tatt. Tabell 8 syner at det er høgast publisingsfrekvens mellom professorane og dosentane, og lågast mellom høgskulelektorane. Det er alvorleg at vi ikkje klarer å auke den vitskaplege publiseringa til tross for sterkt fokus på dette området dei siste åra.

**Tabell 7: Samanliknbare institusjonar rangert etter publiseringspoeng pr. fagtilsett i 2018 (DBH).** \*Desse institusjonane vart universitet i 2018.

Institusjon	2018
Høgskolen i Molde	0,94
OsloMet*	0,81
Universitetet i Sørøst-Norge*	0,70
Nord Universitet	0,64
Høgskolen i Innlandet	0,64
Høgskolen i Østfold	0,57
Høgskulen på Vestlandet	0,54
Samisk høgskole	0,45
<b>Høgskulen i Volda</b>	<b>0,42</b>

Tabell 8: Prosentvist bidrag til publiseringspoeng pr. stillingskategori ved HVO dei siste 4 åra (Cristin-rapportering).

Stillingskategori	Meir enn 0,5 pr. år	Mindre enn 0,5 pr. år	Ingen poeng
Professor og dosent	66	23	11
Førsteamanuensis og -lektor	24	45	31
Høgskulektor	7	28	65
Førekomst pr. stillingskategori	Majoriteten publiserer meir enn 0,5 poeng pr. år dei siste 4 åra	Majoriteten publiserer mindre enn 0,5 poeng pr. år dei siste 4 åra	Majoriteten har ikkje publisert i det heile tatt dei siste 4 år

For dei fleste universitet og høgskular har utteljing for publiseringspoeng vist seg å vere eit effektivt insentiv over tid (TR 2018: 47). Diagram 1 viser at dei andre statlege høgskulane har hatt ein gradvis og jamn auke i publiseringspoeng pr. UFF-årsverk – frå 0,25 poeng i 2007 til 0,56 poeng i 2018. HVO har lege over gjennomsnittet for statlege høgskular fram til 2015. I 2016 publiserte tilsette i faglege stillingar ved HVO færre publiseringspoeng enn gjennomsnittet blant høgskulane, og denne utviklinga har forsterka seg dei to siste åra.

**Diagram 1: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved dei fire avdelingane ved HVO (linjer). Dette er stilt saman med gjennomsnittet for HVO og statlege høgskular\* i åra 2007-2018 (DBH). \*Dei statlege høgskulane er: Høgskolen i Innlandet, Høgskolen i Østfold, Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet og Samisk høgskole.**




Diagram 1 viser også utviklinga i produksjon av publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO på avdelingsnivå. Tellekantsystemet for vitskaplege publikasjonar vart innført nasjonalt i 2006, og dei fire noverande avdelingane på HVO har eksistert sidan 2007. Det er ein del svingningar frå år til år på alle avdelingane, men dette er mest merkbart for AMF. Dei to største avdelingane, AHL og ASH, har stortsett lege over gjennomsnittet for statlege høgskular, men i 2018 har begge falle under gjennomsnittet. Både AHL og ASH har hatt eit stort fall i publiseringaktiviteten frå 2017 til 2018, og dette er bekymringsverdig. Tala for neste år vil vise om dette er ein trend eller berre eit uheldig utslag av svingningar frå år til år. AMF hadde eit stort fall i tal på publiseringspoeng i 2017, men har tatt seg opp att i 2018. AKF ligg godt under gjennomsnittet for statlege høgskular, men har hatt ein auke i publisering – særleg dei siste åra.

I Etatstyringsmøtet i 2018 påpeika KD at dei forventar at HVO intensiverer arbeidet med å auke den vitskaplege publiseringa utover nivået i 2017, då berre Samisk høgskole med under 50 UFF-årsverk hadde dårlegare resultat. Hausten 2018 vedtok Forskingsutvalet og Høgskulestyret ved HVO at 2,3 millionar kroner frå stimuleringa av ordninga med interne fou-poeng vert overført til tiltak for å auke den vitskaplege publiseringa. Tiltaka som det vert satsa på er støtte til forskingsgruppene og fleire FoU-stipend. Det betyr at i 2019 vert 1,3 millionar kroner brukt til å stimulere faglege aktivitetar i forskingsgruppene etter søknad, og 1 million kroner går til fem ekstra FoU-stipend. Det er ei uttalt forventning om at desse tiltaka skal resultere i fleire vitskaplege publikasjonar. I løpet av dei neste åra må HVO arbeide strategisk og systematisk for å auke volumet på den vitskaplege publiseringa. I Strategiplanen har høgskulen mål om å auke talet på publiseringspoeng med 15 prosent innan 2020 – det vil seie ein auke frå 0,51 poeng i 2017 til 0,59 poeng i 2020.

#### **4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker**

Forskarane ved Høgskulen i Volda publiserer i eit vidt spekter av vitskaplege kanalar. Publikasjonar i kategoriane vitskaplege monografiar (bøker), antologiar (bokkapittel) og tidsskriftartiklar vert inkluderte i publisingsdatabasen Norsk vitskapsindeks (NVI) og gir utteljing i KDs resultatbaserte omfordelingsmodell. Dei ulike publikasjonane får utteljing etter kvalitetsnivået på publiseringaskanalen og forma på publikasjonane (sjå vekting i Tabell 9 nedanfor). Rangeringa av publikasjonsformer er etter estimert arbeidsmengde. Ein monografi er estimert til å tilsvare ca. fire artiklar i vitskaplege tidsskrift, og ein artikkel i ein antologi er antatt å omfatte mindre arbeid enn ein artikkel i eit vitskapleg tidsskrift.<sup>14</sup> I tillegg har sampublisering med fagfellar utanfor eigen institusjon vorte premiert sidan 2015. Dette reknast ut ved at ein får kvadratrota av institusjonens forfatterandelar delt på det totale talet på før ein multipliserer med poeng for nivå og publikasjonsform. Internasjonalt samforgfattarskap vert premiert ytterlegare ved at institusjonens poeng framkome ved utrekninga for sampublisering vert multiplisert med ein faktor på 1,3. NSD fører liste over godkjente vitskaplege publikasjonskanalar – både tidsskrift og forlag. Det er opp til forskarane å passe på at kanalane dei vel å publisere forskingsresultata i er godkjende.<sup>15</sup>

**Tabell 9: NVI-vekting etter publikasjonsform og kvalitetsnivå.**

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi med ISBN/ISSN	5	8
Artikkel i tidsskrift og serier med ISSN	1	3
Artikkel i antologi med ISBN	0,7	1

Diagram 2 syner publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO saman med korleis dei vitskaplege publiseringane fordeler seg i forhold til kvalitetsnivå på publiseringaskanalen og form på publikasjonen.


Den resultatbaserte modellen gir størst uttelling for publikasjonar på nivå 2, som er dei mest prestisjefylte publiseringaskanalane. I perioden frå 2007 til 2018 har publikasjonar på nivå 2 ved HVO variert årleg mellom 8,1 prosent som det lågaste i 2015 og 22,3 prosent som det høgaste i 2016. I 2018 var 20,3 prosent av publikasjonane på nivå 2, og det er høgare enn gjennomsnittet på 16,5 prosent for statlege høgskular. Det var også ein positiv auke frå 10,8 prosent i 2017. KDs mål for UH-sektoren er at 20% av publikasjonane skal vere på nivå 2, og HVO oppfyller dermed dette målet i 2018. Eit anna positivt resultat for 2018 er at talet på tidsskriftartiklar aukar medan antologiartiklar minkar. Artiklar i

<sup>14</sup> Sjå <https://dbh.nsd.uib.no/pub/hjelp.jsp>

<sup>15</sup> Sjå <http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/>

tidsskrift gir høgare utteljing enn artiklar i antologiar (sjå Tabell 8). Det var også ein liten auke i talet på publiserte monografiar. Fleire publikasjonar på nivå 2 og i tidsskrift og monografiar tyder på at kvaliteten på dei vitskaplege publikasjonane ved HVO har auka frå 2017 til 2018, medan volumet dverre har minka. Samstundes er publisering av antologiartiklar på nivå 1 eit viktig tiltak for dei som manglar forskingserfaring og som treng å kome i gang med vitskapleg publisering.


**Diagram 2: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk (stolpar), publiseringiform (linjer) og kvalitetsnivå (stipla linjer) ved HVO i perioden 2007-2018 (DBH).**



### 4.3 Internasjonal publisering

Det vert vanlegare med samforfattarskap med utanlandske fagfellar, og det vert publisert fleire vitskaplege tekstar på engelsk. Sidan 2015 har også publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap vorte premiert i form av høgare publiseringspoeng (sjå 4.2 ovanfor). Diagram 3 viser at det har vore ein auke i talet på publikasjonar skrive på engelsk ved Høgskulen i Volda i løpet av dei siste åra. I frå 2015 til 2017 var det også ein auke i det prosentvise talet på publikasjonar med internasjonale medforfattarar totalt og for tidsskriftartiklar, medan det var ein liten reduksjon frå 2017 til 2018. Likevel viser Diagram 3 at andre samanliknbare institusjonar, som Høgskulen på Vestlandet og Høgskolen i Molde, har eit mykje høgare prosentvis tal på tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap. HVO har den lågaste prosentdelen internasjonalt samforfattarskap mellom dei statlege universiteta og høgskulane (TR Tabell V3.15). Den låge delen av internasjonalt samforfattarskap ved HVO er med på å trekke ned utteljinga for vitskaplege publikasjonar. Forskingsutvalet bør sjå på tiltak som kan vere med på å auke talet på publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap ved HVO.

**Diagram 3: Talet på publikasjonar på engelsk (stolpar) og med internasjonale medforfattarar i prosent (stipla linje) ved HVO. Samanstilt med tidsskriftartiklar med internasjonale medforfattarar i % ved HVO, HiM og HVL (linjer) (TR Tabell V3.15 og Cristin-rapportering).**



#### 4.4 Publisering og kjønn

I DBH vert det også oppgitt publisering etter kjønn målt som kvinnelege forskrar sin prosentvise del av publiseringspoenga. Tala for HVO samanlikna med andre statlege høgskular er presentert i Diagram 4.

**Diagram 4: Publiseringspoeng produsert av kvinner i prosent av alle publiseringspoeng i perioden 2009 til 2018: Høgskulen i Volda og gjennomsnitt for statlege høgskular (STH) (DBH).**




Diagram 4 syner at HVO for åra 2019 til 2017 ligg under gjennomsnittet for statlege høgskular, noko som reflekterer at HVO også ligg under landsgjennomsnittet i prosentdel kvinner i første- og toppstillingar (sjå Kapittel 6.2. nedanfor). Det er difor positivt at HVO for 2018 ligg høgare enn gjennomsnittet blant dei statlege høgskulane. I 2018 står dessutan kvinnelege fagtilsette for nesten 50 prosent av publiseringspoenga ved HVO. For HVO varierer kvinnedelen av publiseringspoenga frå år til år, men i tre av dei fire siste åra har den lege på rundt 45 prosent.


#### 4.5 Formidling og interne publiseringspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggiving av FoU-arbeid. FoU-arbeid som får uttelling i det nasjonale systemet for vitskaplege publiseringspoeng vert ikkje rekna med i den «interne» poenggivinga. Dei interne poenga kan vere for publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar, bidrag i media og kunstneriske presentasjonar og produksjonar (sjå Diagram 5 nedanfor). I tillegg får doktorgradsavhandlingar poeng sidan dei ikkje gir vitskaplege publiseringspoeng. Dei tilsette registerer bidraga sine i Cristin, og FoU-administrasjonen klassifiserer bidraga etter eit detaljert poengsystem.<sup>16</sup> Tvilssaker vert presentert for Publiseringsutvalet.

FoU-administrasjonen ved HVO bruker store ressursar på å registrere, klassifisere og omfordеле interne midlar oppnådd gjennom forskingsformidling. Dette er noko som nesten berre HVO prioriterer å gjere i sektoren. I 2018 vart dei interne FoU-poenga premiert med 4,6 millionar kroner i interne overføringer. I budsjettet for 2019 er denne summen redusert til 2 millionar kroner, og 2,3 millionar kroner har vorte overført til tiltak for å stimulere til vitskapleg publisering (sjå Kapittel 4.1 ovanfor).

Diagram 5 syner at det samla talet på interne poeng har vore nokså stabilt dei siste åra – med unntak av 2011 og 2017 då det var klart lågare produksjon. I 2011 var det i staden ein svært høg produksjon av eksterne poeng (sjå Diagram 6 nedanfor). Det var ein auke i interne publiseringspoeng frå 2017 til 2018, og det har i hovudsak samanheng med at det berre var to doktorgradsdisputasar i 2017 mot fem i 2018.


Diagram 5: HVOs interne publiseringspoeng – totalt (stolpe) og pr. UFF-årsverk (linje), i perioden 2007-2018.



I Diagram 6 er det presentert ei samanstilling av tal for HVOs FoU-produksjon målt etter både interne FoU-poeng og vitskaplege publiseringspoeng. Diagrammet syner at produsjonen av interne poeng er meir stabil enn produksjonen av dei vitskaplege publiseringspoengene – både totalt og pr. faglege årsverk. Dei vitskaplege publiseringspoengene gir høgskulen resultatbaserte midlar frå KD medan dei interne poenga vert stimulert gjennom ein omfordeling av eigne midlar.

<sup>16</sup> Sjå [https://www.hivolda.no/Interne\\_FoU-poeng\\_2011](https://www.hivolda.no/Interne_FoU-poeng_2011)

Diagram 6: HVOs FoU-produksjon etter interne poeng og vitskaplege publiseringspoeng.



## 5. Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid

Kunnskapsdepartementet ser på bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) som ein indikasjon på samspelet mellom institusjonane og verda omkring, og omfanget av desse inntektene vert også sett på som ein indikator for forskingskvalitet (TR 2018: 57). Både bidragsinntekter frå Forskningsrådet og verdien av Horisont 2020-kontraktar pr. UFF-årsverk er nasjonale styringsparameter.

### 5.1 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd (NFR) er den største kjelda for finansiering av forsking i Noreg. I 2018 fekk universiteta meir enn 3,2 milliardar kroner i tildelingar frå NFR, medan dei statlege høgskulane fekk i underkant av 75 millionar kroner (sjå Tabell 10). Høgskulen i Volda fekk i overkant av 2,7 millionar kroner frå NFR i 2018. I 2018 gjekk dermed 94,4 prosent av Forskningsrådets løyvingar til universiteta – opp frå 92 prosent i 2017, og dei statlege høgskulane fekk til saman 2,2 prosent av løyvingane – ned frå 6 prosent i 2017. Dette skyldast mellom anna at to store høgskular vart universitet i 2018, men det betyr likevel at universiteta får ein stadig større del av løyvingane. HVO fekk 0,8 promille av dei totale løyvingane frå NFR i 2018 – opp frå 0,7 promille i 2017. Det utgjer 3,7 prosent av løyvingane som gjekk til dei statlege høgskulane – opp frå 1 prosent i 2017. Høgskulen i Volda har dermed auka sin del av løyvingane, sjølv om det er ein marginal del. Likevel hadde Høgskulen i Volda dei lågaste NFR-inntektene blant samanliknbare høgskular i 2018, og vi ligg også lågast når det gjeld løyvingar pr. UFF-årsverk (sjå Tabell 11). Det prosjektet som gav størst inntekter frå NFR i 2018 var *DigiHand* (AHL). Resten av inntektene kom frå mindre prosjekt der forskarar ved HVO har ei rolle i prosjekt som er leia av andre institusjonar. Desse prosjekta var *Algae to future* (AMF), *SUSTRANS* (ASH) og *OMEN* (AMF).

Tabell 10: Tildelingar frå NFR i 2017 og 2018 i 1000 kroner (DBH).


Institusjon	NFR-midlar 2017	NFR-midlar 2018
Statlege høgskular	210 715	74 666
<b>Høgskulen i Volda</b>	<b>2 418</b>	<b>2 729</b>
Universitet	3 019 231	3 219 862
Statlege vitskaplege høgskular	36 601	49 377
Kunsthøgskular	-	31
Private høgskular	1 798	3 966
Private vitskaplege høgskular	23 856	26 291
Andre organisasjonar	3 137	32 740
<b>Totalt</b>	<b>3 297 756</b>	<b>3 409 662</b>

Tabell 11: Tildelingar frå NFR til statlege høgskular i 2018 i 1000 kroner (DBH).

Institusjon	NFR-midlar totalt	NFR-midlar pr. fagtilsett
Samisk høgskole	3 872	77
Høgskulen på Vestlandet	43 608	38
Høgskolen i Innlandet	18 858	31
Høgskolen i Molde	3 613	27
Høgskolen i Østfold	5 599	16
<b>Høgskulen i Volda</b>	<b>2 418</b>	<b>10</b>

Diagram 7 syner omfanget på eksterne FoU-inntekter frå bidrag og oppdrag frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2007-2018. HVOs inntekter frå NFR gjekk nedover frå toppåret i 2009 til botnåret i 2015. Frå 2014 til 2018 har inntektene frå NFR vore under 3 millionar i året, men talet for 2018 er det høgste på fem år.

**Diagram 7: Oversikt over utviklinga i inntekter frå eksterne forskingsmidlar ved HVO i åra 2007-2017 (DBH).**



Det er bekymringsfullt at løyvingane frå NFR går til universiteta i endå større grad enn tidlegare. Det skyldast nok ikkje berre at det er der dei beste forskarane er, men også at universiteta har eit heilt anna format på støtteapparatet rundt søknadsarbeidet. HVO har likevel eit potensial for å auke dei eksterne inntektene, men då må vi også prioritere ressursar til dette. Ingen av søknadene som vart sendt frå HVO til NFR i 2018 fekk gjennomslag. I 2019 vart det sendt fem gode søknader til NFR med prosjektleiarar frå HVO og éin søknad der HVO er partnar, og tre av desse har i større grad vore følgje opp frå Forskningsadministrasjonen. Når vi har fått erfaringane frå denne søknadsrunden, bør vi evaluere korleis vi legg opp arbeidet med søknader om eksterne midlar framover. I 2020 vert det også sendt inn fleire søknader på nytt etter forbetring på bakgrunn av tidlegare vurderingar i NFR.

## 5.2 EU-midlar

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men vi har fått andre forskingsmidlar frå EU. I åra 2013 til 2017 hadde HVO ein prosjektdeltakar i det EU-finansiert forskingsprosjektet *Travelling Texts. The Transnational Reception of Women's Writing at the Fringes of Europe*<sup>17</sup>. Prosjektets deltakar frå HVO har no sendt den første søknaden frå HVO til EUs Horisont 2020 program.

<sup>17</sup> Sjå <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/europeiske-forskingsmidlar-til-topprangert-prosjekt>


## 6. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn

Dei tilsette er Høgskulen i Voldas viktigaste ressurs, og vi må jobbe for å behalde, utvikle og rekruttere ny fagkompetanse for å kunne tilby utdanninger av høg fagleg kvalitet. HVO står i eit generasjonsskifte der fleire tilsette med toppkompetanse vil gå av med pensjon. HVO har mange tilsette i PhD-løp, men vi må også i større grad jobbe systematisk for å rekruttere fleire førstekompetente. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld dei tilsettes kompetanse, kjønns- og alderssamansetning.

### 6.1 Fagleg kompetanse

Høgskulen hadde 207 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar (utanom stipendiatar) pr. 1. oktober 2018. Diagram 8 viser utviklinga innanfor dei faglege stillingane ved HVO dei tre siste åra.

Diagram 8: Tal på årsverk i undervisnings- og forskarstillingar ved HVO i perioden 2016 til 2018 (DBH).



I 2018 vart 52 prosent av dei faglege årsverka utførte av tilsette med førstekompetanse (sjå Tabell 12 nedanfor). I 2008 hadde 44 prosent av dei fagleg tilsette ved HVO førstekompetanse, så det har vore ei positiv utvikling dei siste ti åra (DBH). Frå 2017 til 2018 har det likevel vore ein liten nedgang på 1 prosent. Diagram 8 viser at det har vore ein auke i talet på professorar, førsteamenuensar og førstelektorar frå 2017 til 2018, men talet på høgskulelektorar og høgskulærarar har auka meir slik at den prosentvise delen førstekompetente vart redusert. I 2018 var det to tilsette som fekk opprykk til professor, og til saman seks fekk opprykk til førsteamenuensis eller førstelektor (sjå Tabell 13). Det var i tillegg seks med førstekompetanse som starta å jobbe ved HVO i 2018, derav tre i fast stilling. Til samanlikning vart det tilsett elleve høgskulelektorar, derav éin i fast stilling, og fem høgskulærarar, også der éin i fast stilling.

**Tabell 12: Oversikt over årsverk i dei ulike faglege stillingskategoriane ved HVO i 2018 og tal på årsverk førstekompetente og toppkompetente (DBH).**

Høgskulen i Volda 2017	Høgskule -lærar	Høgskule -lektor	Første- amanuensis	Første -lektor	Dosent	Professor	Professor II	Totalt
<b>Årsverk (totalt)</b>	17,65	80,57	52,7	27,05	4,2	22,55	2	<b>206,72</b>
<b>Førstekompetente</b>			52,7	27,05	4,2	22,55	2	<b>108,50</b>
<b>Toppkompetente</b>					4,2	22,55	2	<b>28,75</b>


I utviklingsavtalen som HVO har med KD er det fastsett eit mål om at 60 prosent av dei fagtilsette skal ha førstekompetanse i 2021 (Årsrapport 2018-2019). For å nå dette målet, må vi auke talet på førstekompetente frå 108,5 årsverk i 2018 til ca. 125 årsverk i 2021. Samstundes kan ikkje talet på høgskulelektorar og høgskulelærarar auke vidare, men bør heller reduserast. For å nå dette målet, må avdelingane jobbe med kompetansekartlegging og kompetanseheving, og vi må satse meir på å tilsette førstekompetente i fast stilling enn mellombelse tilsette utan førstekompetanse. HVO har dessutan ulike ordningar for å støtte kompetanseheving i tillegg til den ordinære FoU-tida: FoU-stipend, professorstipend og stipendiatorndning for tilsette.

**Tabell 13: Kompetanseopprykk blant tilsette ved HVO i perioden 2016 til 2018.**

Kompetanseopprykk	2016	2017	2018
Opprykk til professor/dosent	1	2	2
Opprykk til dosent	0	2	0
Opprykk til førsteamenuensis	5	3	3
Opprykk til førtelektor	0	2	3
<b>Totalt</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>8</b>

Det er eit fokus på kompetansebygging hos dei andre institusjonane også, og berre Samisk høgskole hadde færre førstekompetente enn HVO i 2018 (sjå Diagram 9).

**Diagram 9: Førstekompetente i % ved statlege høgskular (DBH).**



Det kan vere verdt å sjå litt nærmare på dei to største stillingsgruppene blant dei faglege tilsette.

### **6.1.1 Høgskulelektorar**

Høgskulelektorane utgjer den største stillingsgruppen blant dei fagtilsette ved HVO med ca. 80 årsverk i 2018. Rundt 75 prosent av desse årsverka er faste stillingar, medan dei resterande 25 prosenta utgjer mellombelte stillingar med tilsetting særleg dei to siste åra. Høgskulelektorane har hovudfokus på undervisning. Ifølgje vedtak i sak 34/2015 i Høgskulestyret, så er den retninggivande FoU-tida til høgskulelektorar 30 prosent forutsett dokumenterte resultat dei tre siste åra. Høgskulelektorane ved HVO publiserer få vitskaplege arbeid, og 65 prosent av høgskulelektorane har ikkje publisert vitskapleg dei siste fire åra. Berre 7 prosent av høgskulelektorane har publisert meir enn gjennomsnittet ved HVO dei fire siste åra (sjå Tabell 8 ovanfor). Alle desse har vore i eit PhD-løp – enten som stipendiatar eller i det 5-årige interne doktorgradsløpet. Det er viktig for kompetansehevinga ved HVO at desse fullfører doktorgradene sine. Éin av dei disputerer våren 2019. Ni høgskulelektorar publiserte vitskapleg i 2018, og dei sto for 9 prosent av publiseringsspoenga. Av desse har éin vore stipendiat og planlegg levering i løpet av 2019, og to er i det interne 5-årige doktorgradsløpet med planlagt levering i 2020 og 2022. Blant dei resterande høgskulelektorane som publiserer bør det for nokon vere aktuelt å jobbe mot førstelektorkompetanse.


### **6.1.2 Førsteamanuensar**

Førsteamanuensane utgjer den nest største gruppen med fagtilsette ved HVO med ca. 52 årsverk. Meir enn 90 prosent av desse årsverka er faste stillingar. Ifølgje vedtak i sak 34/2015 i Høgskulestyret, så er den retninggivande FoU-tida til førsteamanuensane 40 prosent forutsett dokumenterte resultat dei tre siste åra. Førsteamanuensar er ein viktig ressurs ettersom dei kan kvalifisere seg til opprykk som professor gjennom å opparbeide og dokumentere både vitskapleg kompetanse og undervisningskompetanse. Vitskaplege publikasjonar er sentrale for å kvalifisere seg til professor. På same vis kan førstelektorar kvalifisere seg til dosentkompetanse. Blant førsteamanuensane har 24 prosent publisert meir enn gjennomsnittet ved HVO dei siste fire åra, medan det er urovekkande at 31 prosent ikkje har publisert vitskapleg i det heile tatt dei siste fire åra (sjå Tabell 8 ovanfor).

## **6.2 Kjønnsfordeling**


Det er eit nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse og likestilling i akademia. Talet på kvinner i faglege toppstillingar er difor ein nasjonal styringsparameter, og kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurderingar av søknader om midlar frå Forskningsrådet. Faglege toppstillingar omfatter professorar og dosentar. I heile sektoren utgjorde kvinner 31 prosent av dei tilsette i toppstillingar i 2018, mot 19 prosent i 2008. Det var ein auke frå 29 prosent i 2017 til 31 prosent i 2018 (DBH). For HVO utgjorde kvinner 22 prosent av dei tilsette med toppkompetanse i 2018, mot 3 prosent i 2008. Det var ein reduksjon frå 23 prosent i 2017 til 22 prosent i 2018 (DBH). I årsverk utgjorde dei kvinnelege tilsette i toppstillingar ved HVO: 4 professorar, 2 dosentar og 0,2 professor II. I tillegg fekk ei kvinneleg førsteamanuensis opprykk til professor på slutten av året – etter at tala vart rapporterte til DBH. Når det gjeld førstekompetente, så var kvinnedelen ved HVO 47 prosent i 2018, mot 27 prosent i 2008 (DBH). Frå 2017 til 2018 var det ein reduksjon frå 48 prosent til 47 prosent. HVO ligg i nedre sjikt blant høgskular vi bør samanlikne oss med når det gjeld kvinner i første- og toppstillingar (sjå Diagram 11).

**Diagram 10: Kvinnedelen i % i første- og toppstillingar ved statlege høgskular i 2018.**



Kjønnsbalansen innan faglege stillingskategoriar på HVO i 2018 syner at kvinner er i fleirtal blant stipendiatare, høgskulelektorane og høgskulelærarane, medan det er overvekt av menn blant dei toppkompetente professorane og dosentane. Det er positivt at det nærmar seg kjønnsbalanse blant dei førstekompetente. Kvinnedelen blant dei førstekompetente og toppkompetente har sett ein gradvis auke, men den største auken i kvinnedelen har vore blant høgskulelærarane (sjå Diagram 11).

**Diagram 11: Prosentdel kvinner i dei faglege stillingskategoriane ved HVO i åra 2008-2018 (DBH).**




Utviklinga for HVO går i positiv retning når det gjeld del kvinner med førstekompetanse og del kvinner i toppstillingar, sjølv om det var ein liten nedgang frå 2017 til 2018. Likevel ligg HVO enno ikkje på ønskt nivå. Det er eit mål om å doble talet på kvinner i faglege toppstillingar før 2021 (Strategiplanen 2017-2020). Det utgjer minst fem fleire kvinner i dosent- eller professorstillingar enn i 2016 (4,5 årsverk). I 2018 vart 6,2 årsverk utført av kvinner i toppstillingar (DBH). Fram til målsettinga er nådd, er det viktig å prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved tildeling av professor-/dosentstipend, Fou-stipend, forskingstid og andre støtteordningar.

### 6.3 Aldersfordeling

Aldersfordelinga på dei toppkompetente ved HVO er på eit urovekkande nivå – særleg for nokre fagmiljø. I 2018 var 68% av dei toppkompetente ved HVO i aldersgruppa 60 år og eldre (DBH). Den høge gjennomsnittsalderen på professorane og dosentane i Volda har vorte kommentert i *Tilstandsrapporten for høgre utdanning* dei siste åra, og det er ingen andre som er i nærleiken av å ha ein så stor del toppkompetente som nærmar seg pensjonsalderen (sjå Diagram 12). Gjennomsnittet for statlege institusjonar i høgare utdanning er at 41 prosent av professorane er over 60 år (DBH).

Diagram 12: Professorar i aldersgruppa 60 år og eldre i prosent ved utvalde statlege høgskular (DBH).



### 6.4 Mellombelse tilsette

Det har vore stort fokus på det høge talet på mellombels tilsette i UH-sektoren generelt og i forhold til undervisnings- og forskarstillingar spesielt. Dette er derfor ein nasjonal styringsparameter. Åremålsstillingar, som omfattar mellom anna stipendiatar og ein del leiarstillingar, er pr. definisjon mellombelse og reknast ikkje med i denne samanhengen.

Det er eit mål for Høgskulen i Volda som statleg arbeidsgivar å ha eit lågt tal på mellombelse tilsette. HVO har redusert prosentdelen av mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar frå 20 prosent i 2008 til 12 prosent i 2017 (TR 2018: Tabell V4.29), men det auka igjen til 17 prosent i 2018. Det er viktig å ha vikarar ved langtidsfråvær som følgje av sjukdom og permisjonar – elles vil underbemanning gå ut over kvaliteten på både forsking og undervisning. Det har også vore ein auke i mellombelse prosjektstillingar som følgje av ekstratildelingar i samband med dei nye grunnskulemasterutdanningane og oppdrag i dei nye kompetanseutviklingsordningane. Høgskulen må likevel vere merksam på at når det vert for mange høgskulelærarar og høgskulelektorar i mellombels stillinger, så går det utover forskingsaktiviteten.

### 6.5 Kompetanseoppryk 2016 og 2017

I januar 2019 vart det halde opprykksmarkering for tilsette som har fått fagleg kompetanseoppryk til førstelektor, førsteamansis, dosent eller professor i 2016, 2017 og 2018.

**Tabell 14: Tilsette med fagleg opprykk i 2018. Etter liste fra Personalkontoret. Sortert alfabetisk innanfor kvar avdeling.**

Namn	Avdeling	Ny stilling	År	Kommentar
Siv Gamlem	AHL	Professor	2018	
Per Halse	AHL	Professor	2018	
Torhild Høydalsvik	AHL	Førsteamanuensis	2018	PhD
Randi Myklebust	AHL	Førsteamanuensis	2018	PhD
Egil Arne Standal	ASH	Førstelektor	2018	
Lars Julius Halvorsen	AMF	Førstelektor	2018	
Gunhild Ring Olsen	AMF	Førsteamanuensis	2018	PhD
Tormod Utne	AMF	Førstelektor	2018	

## **Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda**

Pr. 08.04.2019. Sjå oppdatert liste her: <https://www.hivolda.no/forskingsgrupper>

**A-kandidaten**

**Animation – før og no**

**Demokrati og medverknad**

**Drug addiction and recovery in Tanzania**

**Forskning på skapande læringsprosessar i musikk**

**Juss**

**Kulturmøter**

**Kultur og helse**

**Litteratur**

**Livsløpsforskning**

**Læringsprosesser og vurderingshandlingar**

**Matematikkdidaktikk**

**Mediedesign**

**Medier og det internasjonale samfunn**

**Medier, profesjoner og samfunn**

**Metodeforum**

**Mikrohistorie**

**NAV-gruppe**

**Nynorsk skriftkultur**

**Profesjonsetikk**

**Profesjonsfag**

**Religion og livssyn**

**Research Group on Immersive Media and Multisensory Perception**

**Samfunnsfagdidaktikk**

**Shakespeare network**

**Spesialpedagogikk og inkludering**

**Språkleg og kulturelt mangfold**

**Språk- og språklæring**

**Tidleg litterasitet i barnehagen**

**Tverrprofesjonelt samarbeid**

**Volda medvitsforum**

## Vedlegg 2: Forskingsutvalets samansetning i 2018

### Medlemmer, vara og observatørar i Forskingsutvalet i 2018

Faste medlemmer:	Eining	Vara
Leiar: Rektor Johann Roppen	Rektoratet	Prorektor Jens Standal Groven
Dekan Odd Ragnar Hunnes	ASH	Dosent Randi Bergem
Professor Inger Marie Okkenhaug	ASH	Professor Finn Ove Båtevik
Dekan Arne Myklebust	AHL	Prodekan Anne Øie
Dosent Arne Kåre Toppol	AHL	Førstelektor Birgitte Fondevik
Dekan Aud Folkestad (nestleiar)	AKF	Førsteamenuensis Wenche Torrisen
Førsteamenuensis Kjetil L. Høydal	AKF	Førsteamenuensis Helga Synnevåg Løvoll
Dekan Audhild Gregoriusdotter Rotevatn	AMF	Prodekan Paul Bjerke
Førsteamenuensis Idar Flo (vår – for Ellen Lexerød Hovlid) og førsteamenuensis Ellen Lexerød Hovlid (haust)	AMF	Professor Henrik G. Bastiansen
Stipendiat Erlend Walseth (vår) Stipendiat Gunhild Nordvik Reite (haust)	Stipendiatane	Stipendiat Anne Natvig (vår) Stipendiat Stein Conradsen (haust)
Student Oda Næs Skoglund (vår) Student Jeanette Reisig (haust)	Student-parlamentet	Student Thea Müller (vår) Student Marte Nesfossen (haust)
Student Sigmund Bratlie (vår) Student Synnøve O. Tangen (haust)	Student-parlamentet	Student Tormod Daae Smedsvig (vår) Student André K. Svarstad (haust)
Sakshandsamar og skrivar:	Eining	
FoU-rådgivar Geir Tangen, møte 1/18 Konstituert forskingssjef Henriette Hafsaas, møte 2-4/18 Forskingssjef Henriette Hafsaas, møte 5- 7/18	FoU-adm.	
Observatørar:	Eining	
Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen	Leiinga	
Fungerande bibliotekleiar Kirsti Langstøyl (haust)	Biblioteket	
FoU-rådgivar Geir Tangen	FoU-adm.	

Samansettinga av Forskingsutvalet er bestemt av Høgskulestyret i sak 4/2013.

- Funksjonstida for dei fagtilsette representantane er frå 1. mars 2017 til 28. februar 2020.
- Funksjonstida for stipendiatane er to år.
- Funksjonstida for studentrepresentantane er eitt år.



HØGSKULEN I VOLDA